

Nerland, Bernhard Endseth

From: Silje Aileen Hjortland Haukedal <silje.haukedal@radoy.kommune.no>
Sent: torsdag 20. juni 2019 09.40
To: Nerland, Bernhard Endseth
Cc: RA-Byggesak; Stian Marøy
Subject: SV: Spørsmål om samsvar med arealplan - Reinseanlegg Manger

Hei,

Kommunen vurderer at tiltaka ikkje krev dispensasjon frå arealføremål.

Tiltaka som nemnt, som ikkje reknast som vedlikehald, er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven kap. 20. Det må i tillegg gjevast løyve til tiltak i sjø frå Bergen Havn (Kystverket).

Når kommunen har motteke søknaden vil vi sende den på høyring til Fiskeridirektoratet, Fiskarlaget vest og Hordaland fylkeskommune.

Angående kulturminne må plassering av leidning gjerast på ein måte som gjer at det ikkje kjem i konflikt med kulturminna, til dømes kan øydelegge lunnar.

Med helsing

Silje Haukedal
Konst. Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 82

E-post: silje.haukedal@radoy.kommune.no



Fra: bernhard.endseth.nerland@multiconsult.no [mailto:bernhard.endseth.nerland@multiconsult.no]

Sendt: tirsdag 18. juni 2019 08:33

Til: RA-Byggesak

Kopi: RA-Plan; harald.fykse@multiconsult.no; Stian Marøy
Emne: Spørsmål om samsvar med arealplan - Reinseanlegg Manger

Skulle gjerne hatt uttale frå dykk om i kva grad Radøy kommune ved byggesak vurderer tiltaka nemnt nedanfor å vera i samsvar med overordna plan (KDP).

TILTAKET

Sjå vedlagt oversikt (vedlegg D-1).

Det er m.a. planlagt å etablere eit nytt reinseanlegg (RA) for kommunalt spillvatn på gnr. 44, bnr. 80, på austsida av Mangervågen. I samband med dette vert det òg ein del utskifting og vedlikehald av eksisterande anlegg og leidningsnett. Det er òg planlagt nokre nye leidningar.

VA-avdelinga i Radøy kommune vurderer arbeidet med sjøleidningar for det meste som utskifting og/eller vedlikehald, og difor som ikkje-søknadspliktig. Nokre nye sjøleidningar vert det likevel, t.d. overføringsleidning og overløpsleidning frå Selfallet til nytt RA. Tiltaket vert her i borehol, og vil ikkje påverke friområdet negativt korkje visuelt eller fysisk. Tiltaket kan ha ein positiv verknad då det er aktuelt at den store slamavskiljaren som ligg der i dag vert blenda.

Utløpsleidning og overløpsleidning frå nytt RA vert òg heilt nye, og kan ikkje verte rekna som utskifting/vedlikehald.

PLANSTATUS

Mangerspollen nord for Urhaugvegen ligg i KDP for Manger som «Friluftsområde i sjø og vassdrag». I føresegnene § 3.5.10 står det at «Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur- eller friluftsinteresser er ikkje tillate, jfr plan- og bygningslova § 11-11 nr 3.»

Mangersvågen er i stor grad regulert til «Hamn» i KDP. I føresegnenes § 3.2.1, 2.ledd, står det: «Det må takast omsyn til farleier, tilflott og tilgjenge til hamner og kaier ved lokalisering av tiltak i og i nærleiken av hamneområda». I 3. ledd står det: «Området skal av omsyn til tryggleik og tilgjenge vere ope for allmenn ferdsel til ei kvar tid. Det er ikkje høve til å gjere tiltak som hindrar tilgjenge til kaiområde, jfr plan- og bygningslova § 11-10 nr 2.» Mangersvågen er i tillegg eit kulturmiljø vurdert å vera i verneklasse A i kommunens kultuminneplan. Tiltak under vassoverflata vert i utgangspunktet ikkje å råke ved kjende kulturminne i området.

Hestvika og Klesvika har formåla «Friområde» (land) og «Friluftsområde» (vatn) i KDP for Manger.

Høyrer snarleg frå dykk.

BERNHARD ENDSETH NERLAND

Arealplan og utredning, avd. Stord

(+47) 416 13 108 | bernhard.endseth.nerland@multiconsult.no

www.multiconsult.no

Multiconsult